



INDRE SOGN
SPAREBANK
ekte lokalbank

**Overgang til IFRS-prinsipp
Omarbeida tal og proforma
selskapsrekneskap
(urevidert)**

Pr. 01.01.2011



INDRE SOGN
SPAREBANK

www.indresognsparebank.no

Innhold

1	Bakgrunn for overgang til IFRS	3
2	Samandrag av dei viktigaste verknadane for Indre Sogn Sparebank ved overgang til IFRS per 1. januar 2010	4
2.1	IFRS 1 Førstegangsbruk av IFRS	4
3	Samandrag av dei viktigaste endringane i rekneskapsprinsipp og presentasjon ved overgang til IFRS	5
3.1	Finansielle instrument – aksjar, andelar og eigenkapitalbevis	5
3.2	Finansielle instrument – renteberande verdipapir	5
3.3	Finansielle instrument - utlån	5
3.4	Finansielle instrument – tap på utlån	6
3.5	Gebyr – utlån	6
3.6	Finansielle instrument – verdipapirinnlån	6
3.7	Pensjon	6
3.8	Presentasjon – klassifisering av utbyte	6
3.9	Presentasjon – "Totalresultat"	6
3.10	Presentasjon – oppstilling over endringar i eigenkapitalen	6
3.11	Presentasjon – oppstillingsplanar	7
4	Analyse av effektar ved overgang til IFRS	7
4.1	Proforma balanse	8
4.2	Effektar ved overgang til IFRS pr. 01.01.2010:	9
4.3	Proforma resultat	12
4.4	Endringar i eigenkapital	14



1 Bakgrunn for overgang til IFRS

Indre Sogn Sparebank vil frå 1. kvartal 2011 avlegge rekneskap etter reglane om delårsrapportering i internasjonale rekneskapsstandardar, IFRS (International Financial Reporting Standards). Kvartalsrapporten vil bli offentleggjort fredag 29. april 2011.

Indre Sogn Sparebank sitt første årsrekneskap etter IFRS vil vera årsrekneskapen for 2011, med samanlikningstal for 2010. Opningsbalanse etter IFRS er i samsvar med dette etablert pr 01.01.2010. Både opningsbalanse og samanlikningstal er utarbeida etter dei prinsipp og reglar som er vedtekne å gjelde for årsrekneskapen 2011.





2 Samandrag av dei viktigaste verknadane for Indre Sogn Sparebank ved overgang til IFRS per 1. januar 2010

1. Fleire postar i og utanfor balanse som verdipapir og andre finansielle instrument blir etter IFRS vurdert til verkeleg verdi. Verdipapir aukar med NOK 14,8 mill. Bokført verdi av banken sine bygningar og tomtar aukar med NOK 11,9 mill.
2. Pensjonar: Pensjonsforpliktinga per 01.01.2010 aukar med NOK 9,5 mill. som følge av tilbakeføring av ikkje resultatførte estimatavvik.
3. Eigenkapital: Annen eigenkapital auka ved overgang til IFRS per 1.1. 2010 med netto NOK 14,9 mill.

2.1 IFRS 1 Førstegangsbruk av IFRS

IFRS 1 beskriv korleis implementering av IFRS skal skje, mellom anna korleis opningsbalansen skal utarbeidast.

IFRS skal i utgangspunktet brukast retrospektivt. Det vil sei at rekneskapen skal utarbeidast som om IFRS alltid hadde vore lagt til grunn. For mange rekneskapspostar vil det vera svært krevjande å gå tilbake til tidspunktet då posten første gong vart bokført i rekneskapen. Det for å rekne ut kva denne posten hadde vore bokført til på opningsbalansetidspunktet om IFRS hadde vore nytta frå første dag.

IFRS 1 gir difor ei rekke forenklingar frå krav til retrospektiv bruk. Indre Sogn Sparebank har nytta følgjande lempingar ved utarbeiding av opningsbalansen sin:

- Historiske eingangsgebyrinntekter på nedbetalingslån og kredittar er aktivert og amortisert over gjennomsnittleg løpetid for høvesvis nedbetalingslån og kredittar. Historiske gebyrinntekter er periodisert lineært, medan gebyrinntekter frå og med 2010 vil bli amortisert etter effektiv rentes metode. Forskjellen i metodikken gir uvesentlege resultatforskjellar.
- Ikkje resultatførte estimatavvik er tilbakeførte i si heilheit frå pensjonsforpliktingar.



3 Samandrag av dei viktigaste endringane i rekneskapsprinsipp og presentasjon ved overgang til IFRS

Som vedlegg til dette dokumentet, følg ei fullstendig beskriving av rekneskapsprinsippa til Indre Sogn Sparebank og presentasjon etter overgang til IFRS.

Dei viktigaste endringane ved overgang frå N-GAAP til IFRS er oppsummert nedanfor.

3.1 Finansielle instrument – aksjar, andelar og eigenkapitalbevis

Etter N-GAAP er aksjar og eigenkapitalbevis handla i ein aktiv marknad vurdert til lågaste verdi av anskaffelseskost og samla marknadsverdi i høve eit porteføljeprinsipp. Etter IFRS er aksjar og eigenkapitalbevis handla i ein aktiv marknad og anskaffa for omsetning og kortsiktig eigartid, klassifiserast i kategorien "til verkeleg verdi med verdiendring over resultatet. Verkeleg verdi vert fastsett i høve noterte prisar.

Etter N-GAAP er aksjar som er berekna til varig eige, vurdert til anskaffelseskost med nedskrivning til verkeleg verdi viss verdinedgangen ikkje er forventet å vera av forbigåande karakter. Nedskrivninga vert reversert, når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger vert vurdert til å vera til stades. Dette vil omfatta mellom anna aksjar og andelar utan noterte prisar frå eit aktivt handlande marknad. Desse aksjane og andelane er ikkje haldne til handelseføremål og er av strategisk karakter. Etter IFRS, har banken valt å klassifisera slike aksjar og andelar i kategorien tilgjengeleg for sal.

Teknikkar for verdsetjing basert på til dømes nyleg inngåtte transaksjonar mellom uavhengige partar, vert nytta for å finna verkeleg verdi. Verdiendringar vert presentert under "utvida resultat" (other comprehensive income).

3.2 Finansielle instrument – renteberande verdipapir

Etter N-GAAP er renteberande verdipapir vurdert til det lågaste av samla anskaffelseskost og samla marknadsverdi (porteføljeprinsippet). Renteberande verdipapir inngår i banken si likviditetsportefølje som vert forvalta, og deira inntening vert vurdert på grunnlag av verkeleg verdi i samsvar med banken sin risikohandterings- og investeringsstrategi. Informasjonen om forvaltninga vert gitt til leiinga og styret. Etter IFRS skal såleis dei renteberande verdipapira klassifiserast i kategorien "til verkeleg verdi med verdiendring over resultatet" etter sokalla "fair value option". Verdsettinga er basert på noterte prisar og meklaranslag.

3.3 Finansielle instrument - utlån

Etter N-GAAP er utlån målt til amortisert kost med fradrag for tapsnedskrivningar. Tilsvarende prinsipp kan anvendes under IFRS.



3.4 Finansielle instrument – tap på utlån

Både etter N-GAAP og IFRS vil utlån målt til amortisert kost vera gjenstand for tapsvurderingar gjennom individuelle og gruppevise vurderingar.

3.5 Gebyr – utlån

Etableringsgebyr og depotgebyr på nye lån vert ikkje fordelt ut over lånets si løpetid i henhold til N-GAAP, men bokført ved etablering av lånet. Engangsgebyrinntekter på nedbetalingslån og kreditter vert etter IFRS aktivert og amortisert over gjennomsnittlig løpetid for henholdsvis nedbetalingslån og kreditter etter effektiv rentes metode.

3.6 Finansielle instrument – verdipapirinnlån

Etter N-GAAP er gjeld stifta ved utsteding av verdipapir rekneskapsført til pålydande med periodisering av over- eller underkurs. Etter IFRS skal innlån rekneskapsførast til amortisert kost ved bruk av effektiv rentemetode der over- eller underkurs inngår som del av effektiv rente.

3.7 Pensjon

Banken har periodisert ikkje resultatførde estimatavvik i høve til N-GAAP. Ikkje resultatførde estimatavvik er inntektsført i 2010 i høve til IFRS.

3.8 Presentasjon – klassifisering av utbyte

Etter N-GAAP vert utbyte som det er gjort framlegg om, men ikkje vedteke, presentert som gjeld. Etter IFRS, er ikkje utbyte klassifisert som gjeld før det er vedteke. Framlegg til utbyte inngår difor i eigenkapitalen til banken, inntil vedtak om utdeling har funne stad.

3.9 Presentasjon – "Totalresultat"

Etter N-GAAP vert ein resultatoppstilling som til slutt viser resultatet i perioden presentert. Etter IFRS vert det skilt mellom resultatpostar som inngår i "resultat" og "andre inntekter og kostnader" som bere inngår i "totalresultat". "Andre inntekter og kostnader/utvida resultat" kan presenterast som ein separat oppstilling eller som ein del av resultatoppstillingen. Indre Sogn Sparebank har valt sistnemnde løysing. Verdiregulering av verdipapir tilgjengeleg for sal vil inngå i "utvida resultat", også akkumulert positiv revaluering av tomter.

3.10 Presentasjon – oppstilling over endringar i eigenkapitalen

Etter IFRS skal det utarbeidast ein oppstilling over endringar i eigenkapitalen i løpet av rekneskapsperioden. Oppstillingen skal spesifisera alle spesifikke endringar i



eigenkapitalen i løpet av rekneskapsperioden og skil mellom endringar som følgje av resultat og utvida resultat.

3.11 Presentasjon – oppstillingsplanar

Oppstillingsplanane etter N-GAAP vil i vesentleg grad bli vidareførde, men enkelte endringar og samanslåingar er påkrevd etter IFRS. Den mest vesentlege endringa gjeld nye linjer under eigenkapitalen.

4 Analyse av effektar ved overgang til IFRS

IFRS per 01.01.2010 for utvalde balansepostar.

For alle balanselinjene med endringar som følgje av overgangen frå N-GAAP til IFRS, vert gjort etter tabellen ein analyse av dei enkelte element som utgjer forskjellen mellom N-GAAP og IFRS.

Effektar ved overgang til IFRS er vist i punkt 4.1, 4.2 og 4.3.



4.1 Proforma balanse

Oppsettet nedanfor viser proforma balanse med overgang frå N-GAAP per 31.12.2009 til IFRS per 01.01.2010 og 31.12.2010, og overgang frå N-GAAP per 31.03.2010 til IFRS per 31.03.2010:

Tal i 1.000 kroner

	Reklassifisert balanse NGAAP	IFRS justeringar	Balanse IFRS 01.01.2010	Balanse IFRS 31.12.2010
Eigendelar				
Kontantar og fordringar på sentralbankar	308 334	0	308 334	188 467
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	90 362	0	90 362	32 730
Utlån til kundar	2 441 034	69 756	2 510 790	2 735 093
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet	196 336	1 085	197 421	199 024
Verdipapir tilgjengeleg for sal	46 750	14 769	61 519	66 931
Utsett skattefordel	2 023	141	2 164	3 268
Varige driftsmidlar	26 669	11 892	38 561	42 370
Overtekne og andre eigendelar	15 468	0	15 468	9 700
Overfinansiering av pensjonsforpliktning	1 076	-1 076	0	0
Sum eigendelar	3 128 052	96 567	3 224 619	3 277 583
Gjeld				
Gjeld til kredittinstitusjonar	336 966	0	336 966	223 440
Innskott frå kundar	1 686 739	0	1 686 739	1 846 376
Gjeld ved utsteda verdipapir	787 484	0	787 484	769 465
Anna gjeld	9 260	72 534	81 794	94 658
Pensjonsforpliktningar	123	8 403	8 526	8 466
Ansvarleg lånekapital	122 283	687	122 970	125 383
Sum gjeld	2 942 855	81 624	3 024 479	3 067 788
Eigenkapital				
Innskoten eigenkapital	64 437	0	64 437	64 437
Opptent eigenkapital	120 760	14 943	135 703	145 358
Sum eigenkapital	185 197	14 943	200 140	209 795
Sum gjeld og eigenkapital	3 128 052	96 567	3 224 619	3 277 583



Tal i 1.000 kroner

	Reklassifisert balanse NGAAP	IFRS justeringer	Balanse IFRS 31.03.2010
Eigendelar			
Kontantar og fordringar på sentralbankar	120 095	0	120 095
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	46 891	0	46 891
Utlån til kundar	2 448 728	71 426	2 520 154
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet	222 674	844	223 518
Verdipapir tilgjengeleg for sal	46 489	14 254	60 743
Utsett skattefordel	2 023	81	2 104
Varige driftsmidar	26 524	11 707	38 231
Andre eigendelar	17 308	0	17 308
Overfinansiering av pensjonsforpliktning	4 121	-4 121	0
Sum eigendelar	2 934 853	94 191	3 029 044
Gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	337 967	0	337 967
Innskot frå kundar	1 648 416	0	1 648 416
Gjeld ved utsteda verdipapir	627 596	0	627 596
Anna gjeld	9 017	74 801	83 818
Pensjonsforpliktingar	262	4 619	4 881
Ansvarleg lånekapital	122 737	726	123 463
Sum gjeld	2 745 995	80 146	2 826 141
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital	64 437	0	64 437
Opptent eigenkapital	124 421	14 045	138 466
Sum eigenkapital	188 858	14 045	202 903
Sum gjeld og eigenkapital	2 934 853	94 191	3 029 044

4.2 Effektar ved overgang til IFRS pr. 01.01.2010:

Oppsettet på neste side viser effektane av overgang frå N-GAAP til IFRS pr. 01.01.2010:



Tal i 1.000

Netto utlån til kundar

N-GAAP per 31.12.2009	2.438.565
Tilbakeføring av inntekter frå eingangsgebyr, til amortisering i seinare år	-3.315
Balanseføring av garanterte valutalån til kundar formidla gjennom annan bank	73.071
IFRS per 01.01.2010	2.508.321

Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet

N-GAAP per 31.12.2009	195.362
Oppskriving til verkeleg verdi av obligasjonsporteføljen og aksjar tidlegare klassifisert som omløpsmidlar	1.085
IFRS per 01.01.2010	196.447

Verdipapir tilgjengeleg for sal

N-GAAP per 31.12.2009	46.750
Oppskriving til verkeleg verdi av strategiske investeringar i aksjar	14.769
IFRS per 01.01.2010	61.519

Utsett skattefordel

N-GAAP per 31.12.2009	2.023
Endring i utsett skattefordel som følgje av verdiendringar i balansepostar	141
IFRS per 01.01.2010	2.164

Varige driftsmidlar

N-GAAP per 31.12.2009	26.669
Oppskriving til marknadsverdi av bygningar	11.892
IFRS per 01.01.2010	38.561

Anna gjeld

N-GAAP per 31.12.2009	5.464
Motpost til balanseføring av garanterte valutalån	73.071
IFRS per 01.01.2010	78.535



Tal i 1.000

Påløpne kostnader

N-GAAP per 31.12.2009	15.280
Flytting til egenkapital av foreslått, enno ikkje utbetalt utbyte	-537
IFRS per 01.01.2010	14.743

Pensjonsforpliktingar

N-GAAP per 31.12.2009	123
Endring i pensjonsforpliktingar som følge av tilbakeføring av ikkje resultatførde estimatawik	9.479
Overføring av overfinansiert ordning	-1.076
IFRS per 01.01.2010	8.526

Ansvarleg lånekapital

N-GAAP per 31.12.2009	121.850
Amortisering av underkurs	687
IFRS per 01.01.2010	122.537

Opptent egenkapital

N-GAAP per 31.12.2009	120.760
Foreslått, enno ikkje utbetalt utbyte til utjamningfond	537
Verdiendring av balansepostar til fond for urealiserte gevinstar	14.406
IFRS per 01.01.2010	135.166



4.3 Proforma resultat

Oppsettet nedanfor viser proforma resultat med overgang frå N-GAAP til IFRS pr. 31.10.2010 og 31.03.2010:

Tal i 1.000 kroner

	Reklassifisert NGAAP res. 2010	IFRS justeringer	Resultat IFRS 2010
Renteinntekter	115 500	-242	115 258
Rentekostnader	73 525	155	73 680
Netto renteinntekter	41 975	-397	41 578
Utbytte	2 759	0	2 759
Provisjonsinntekter m.v.	14 359	0	14 359
Provisjonskostnader m.v.	3 115	0	3 115
Netto vinst/tap på finansielle instrument	3 531	-122	3 409
Andre driftsinntekter	275	0	275
Netto andre driftsinntekter	17 809	-122	17 687
Løn og generelle adm. kostnader	30 798	-2 956	27 842
Avskrivningar	3 111	739	3 850
Andre driftskostnader	8 468	0	8 468
Sum driftskostnader før tap på utlån	42 377	-2 217	40 160
Driftsresultat før tap	17 407	1 698	19 105
Tap på utlån	4 394	0	4 394
Driftsresultat før skatt	13 013	1 698	14 711
Skattekostnad	2 827	475	3 302
Resultat etter skatt	10 186	1 223	11 409
Utvida resultat: Finansielle eigendelar tilgjengelig for sal		-1 081	-1 081
Årets totalresultat	10 186	142	10 328



Tal i 1.000 kroner

	Reklassifisert NGAAP res. 1. kv. 2010	IFRS justeringer	Resultat IFRS 1. kv. 2010
Renteinntekter	26 769	-60	26 709
Rentekostnader	16 191	39	16 230
Netto renteinntekter	10 578	-99	10 479
Utbytte	132	0	132
Inntekter av eigarin. i tilknytta selskap	0	0	0
Provisjonsinntekter m.v.	3 653	0	3 653
Provisjonskostnader m.v.	759	0	759
Netto vinst/tap på finansielle instrument	636	-241	395
Andre driftsinntekter	142	0	142
Netto andre driftsinntekter	3 804	-241	3 563
Sum driftsinntekter	14 382	-340	14 042
Løn og generelle adm. kostnader	5 497	-739	4 758
Avskrivningar	775	185	960
Andre driftskostnader	2 995	0	2 995
Sum driftskostnader før tap på utlån	9 267	-554	8 713
Driftsresultat før tap	5 115	214	5 329
Tap på utlån	39	0	39
Nedskr./ rev. av nedskr. og vinst/tap på vp. anl.m.	0	0	0
Driftsresultat før skatt	5 076	214	5 290
Skattekostnad	1 385	60	1 445
Resultat etter skatt	3 691	154	3 845
Utvida resultat Finansielle eigendelar tilgjengelig for sal		-515	-515
Årets totalresultat	3 691	-361	3 330



4.4 Endringer i egenkapital

	Innskoten egenkapital		Opptent egenkapital				Annan opptent eigen- kapital	Sum eigen- kapital
	Eigen- kapital- bevis	Overkurs- fond	Spare- banken sitt fond	Utjamnings- fond	Gåvefond	Fond for urealiserte gevinster		
Eigenkapital 31.12.2009 NGAAP	63 250	1 187	116 791	608	3 361			185 197
Reklassifisert utbyte frå gjeld til egenkapital				537				537
Endring i rekneskapsprinsipp ved første gongs implementering av IFRS			-363			14 769		14 406
Opningsbalanse 01.01.2010 IFRS	63 250	1 187	116 428	1 145	3 361	14 769	0	200 140
Årets resultat			3 701	4 007	3 701			11 409
Utvirda resultat								
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						-1 081		-1 081
Årets totalresultat 2010	0	0	3 701	4 007	3 701	-1 081	0	10 328
Transaksjonar med eigarane								
Utbetalt utbyte for 2009				-537				-537
Andre eigenkapitaltransaksjonar								
Utbetalt frå gåvefond					-135			-135
Eigenkapital 31.12.2010 IFRS	63 250	1 187	120 129	4 615	6 927	13 688	0	209 795

	Innskoten egenkapital		Opptent egenkapital				Annan opptent eigen- kapital	Sum eigen- kapital
	Eigen- kapital- bevis	Overkurs- fond	Spare- banken sitt fond	Utjamnings- fond	Gåvefond	Fond for urealiserte gevinster		
Eigenkapital 31.12.2009 NGAAP	63 250	1 187	116 791	608	3 361			185 197
Reklassifisert utbyte frå gjeld til egenkapital				537				537
Endring i rekneskapsprinsipp ved første gongs implementering av IFRS			-363			14 769		14 406
Opningsbalanse 01.01.2010 IFRS	63 250	1 187	116 428	1 145	3 361	14 769	0	200 140
Resultat per 31.03.2010							3 330	3 330
Transaksjonar med eigarane								
Utbetalt utbyte for 2009				-537				-537
Andre eigenkapitaltransaksjonar								
Utbetalt frå gåvefond					-30			-30
Eigenkapital 31.03.2010 IFRS	63 250	1 187	116 428	608	3 331	14 769	3 330	202 903



INDRE SOGN
SPAREBANK
ekte lokalbank

Org.nr. 837 897 912 - telefon 57 64 85 10 - nettpost@indresognsparebank.no

Ekte lokalbank

Øvre Årdal - Årdalstangen - Lærdal - Borgund - Sogndal - Bergen